

Voss Naturvernlag
v/ Inge Draugsvoll
Tymbrålsbakkane 31
5709 Voss
inge.draugsvoll@mac.com | 41 41 00 10



Naturvernforbundet
Voss Naturvernlag

Voss herad
v/ Vidar Jørdre, leiar byggjesak og næring
Uttrågata 9
5701 Voss

Dato: 12.01.2026

Grungane stølsveg (dykkar ref. 24/4730-13) Krav om å setja saka på pause og utsetja vedtak

Voss Naturvernlag viser til dykkar brev datert 17.12.2025 om bygging av stølsveg/traktorveg inn til Grungane, med høyringsfrist 16.01.2026, stila til diverse grunneigarar og/eller naboar. Brevet har kome oss i via ein av desse.

Voss Naturvernlag ber om at kommunen set saksbehandlinga i denne saka på pause og utset vedtak, då saka per i dag ikkje framstår tilstrekkeleg opplyst. Me ber om at kommunen først avklarar partsforhold og fullmakter, legg fram fullstendig og etterprøvbar dokumentasjon for naturvurderingane etter naturmangfaldlova, og avklarar om tiltaket kan ramma verneverdiar knytte til verna vassdrag og utløysa vurderingar etter vassressurslova.

Me ber om skriftleg stadfesting på om kommunen vil utsetja vedtaket, og – dersom kommunen ikkje tek oppmodinga til følge – ei grunngjeving for dette.

Naturmangfaldlova – vurderingsplikt og synleggjering i vedtaket

Dette er ei sak der kommunen utøver offentleg myndigheit, og der tiltaket kan påverka naturmangfald. Då gjeld naturmangfaldlova § 7, som krev at prinsippa i §§ 8–12 skal leggjast til grunn, og at det skal gå fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagde.

Me ber difor om at kommunen i saksutgreiinga og vedtaket konkret gjer greie for:

- § 8 (kunnskapsgrunnlaget): Kva oppdatert kunnskap om artar, naturtypar, økologisk tilstand og moglege verknader av inngrepet som ligg til grunn, og kva datakjelder/kartlag, registreringar og eventuelle synfaringar/feltkontrollar som er nytta.
- § 9 (føre-var-prinsippet): Korleis kommunen handterer eventuell usikkerheit i kunnskapsgrunnlaget, og om det trengst meir kartlegging før vedtak.
- § 10 (samla belastning): Korleis tiltaket vert vurdert i samanheng med eksisterande og moglege framtidige inngrep og påverknad i området.
- § 11 (kostnader ved miljøforringing): At kostnader knytte til miljøforringing og nødvendige avbøtande tiltak skal berast av tiltakshavar, og korleis dette vert følgd opp gjennom klare vilkår.
- § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering): Kva vurderingar som er gjorde av alternativa (traséval, standard, byggjemetode og omfang), og kvifor vald løysing er den mest miljøforsvarlege / minst skadelege.

Verna vassdrag – skjerpa aktsemd og krav til vurdering

Vossovassdraget er eit verna vassdrag, og vernet omfattar heilskapen i nedbørfeltet ovanfor Vangsvatnet, inkludert hovudgreinene Strondaelva, Raundalselva og Bordalselv. Vernet er i utgangspunktet retta mot vasskraftutbygging, men verneverdiane skal òg takast omsyn til ved andre inngrep som kan påverka vassdragsnatur og tilhøyrande verdiar.

Me ber kommunen avklara og dokumentera kva verneverdiar som er relevante i området (vassdragsnatur, friluftsliv, naturfaglege verdiar, kulturhistorie).

Verneverdiane skjerpar kravet til kunnskapsgrunnlag, aktsemd og avbøting, som endra vassvegar, erosjon, inngrep ved kryssing av bekkar, og påverknad på kantsona.

Vassressurslova – kantvegetasjon og konsesjonsplikt kan vera relevant

Me vil særleg peika på to punkt i vassressurslova som kommunen bør vurdere eksplisitt i denne saka:

– § 11 (kantvegetasjon): Langs vassdrag med årssikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og er leveområde for artar.

– § 8 (konsesjonsplikt): Tiltak i vassdrag – og òg tiltak utanfor vassdrag som kan få påtande verknader for vassdraget – kan vera konsesjonspliktige. Dersom det er tvil om konsesjonsplikt, ber me kommunen (og tiltakshavar) ta dette opp tidleg, eventuelt ved å be om ei formell konsesjonspliktvrdering.

Premiss og bakgrunn verkar utdatert – treng oppdatering og planforankring

I høyringsbrevet vert det vist til at traséen samsvarar med sørleg del av vegparsell knytt til jordskiftesak frå 1991. Me oppfattar at delar av bakgrunnsinformasjonen og vurderingane difor kan vera over 30 år gamle. Det me høyrer er òg at traseen er endra i høve til det som var omsøkt dengong. Dei seinaste åra har Voss herad fått nye overordna planar og føringar. Kommunen må difor visa korleis saka er vurdert opp mot dagens planverk og mål, og at naturvurderingane byggjer på oppdatert kunnskap.

Kulturminne og friluftsliv – manglande omtale i sakspapira

Området har landskaps- og friluftslivsverdiar som ikkje er tilstrekkeleg omtala i det materialet me har sett. I tillegg peikar historikken i saka på at ein veg her kan koma til å erstatta/overprenta eldre ferdselsårer (stølsveg/klyvjaveg), som kan ha kulturhistorisk verdi. Dette må kartleggjast og vurderast før vedtak, og eventuelle vilkår må konkretiserast.

Kartlegging

Med svakt kunnskapsgrunnlag vil ei reell kartlegging av kulturverdiar og naturmangfald krevja observasjonar (historisk stølsveg, hekkefugl, vegetasjon, insekt m.m.) og dette kan ikkje skje på denne tida av året. Me ber kommunen ta stilling til om vurderingsplikta etter naturmangfaldlova tilseier at saka må utsetjast til slik kartlegging kan gjennomførast, og at vedtak ikkje vert fatta på eit ufullstendig grunnlag.

Mangelfull søknad

Partsforhold/medsøkar og eventuelle fullmakter må avklarast og dokumenterast (kven som faktisk er part/rettehavar utover Ingvar Herre), og sakspapira må korrigerast slik at dei også fangar opp andre relevante omsyn i området. Når heradet i brevet skriv at "i følge søknaden er det ikkje registert særskilte miljø- eller kulturinteresser langs vegtrase. Det er i følgje søknad ikkje andre interesser som kjem i inngrep med omsøkt

vegtrase.» så betyr det ikkje at slike interesser ikkje finst. Det betyr i realiteten berre at søkjaren har kryssa av for Nei på spørsmålet om det er registrert, sjølv om motakarane av brevet vil oppfatta det annleis.

Søknaden seier at 70 % av nytteverdien er knytt til utmarksinteresser, men viser samtidig til eit beitelag som dekkjer eit stort geografisk område andre stader. Det som er relevant er kor mange aktive bønder ein ny traktorveg vil ha nytteverdi for – sett opp mot samfunnsinteressene, friluftsliv og naturverdiar.

Beitebruksplanen for Voss

Voss herad har ein ny beitebruksplan med høyringsfrist 30. januar. I høyringsomtalen står det at beitebruksplanen skal leggja til rette for beitenæring som både *held kulturlandskap i hevd og sikrar naturmangfaldet* framover, og at planen skal vera eit verktøy for at *utmarksareala vert ivaretekne i planarbeid og politiske prosessar*. Handsamar heradet vepsaka som ei rein “teknisk” sak utan synleg naturvurdering og avveging, så er det i strid med den retninga kommunen sjølv seier planen skal ha.

At beitebruksplanen skal bidra til å løysa flaskehalsar i næringa skal ikkje vera ei blanko-fullmakt for å byggja nye vegar i fjellheimen. Heradet må sjå til at andre tiltak (drift/organisering, tilkomst utan nye inngrep, enklare standard/omfang, andre traséar eller reparasjon av sti m.m.) er vurderte og forkasta.

Planen lyfter fram stølskultur og konflikt med anna bruk – dette talar for breiare vurdering, ikkje snarvedtak. Eitt av oppdraga er å «*ta vare på stølskulturen og leggja til rette for naturmangfald og kulturlandskapet*». Ein ny veg vil endra ferdsl, press og konfliktbilet, og endra kulturlandskapet for alltid.

Naturmangfaldsplan

Voss herad sin naturmangfaldsplan slår fast at «*det er behov for kartlegging av naturtypar og artsmangfald*» og at «*i alle plansaker som omfattar urørt natur med særskilde kvalitetar (...) må det stillast krav til kartlegging*». Når grunnlaget i denne saka framstår utdatert og/eller ufullstendig, tilseier dette at vedtak må utsetjast til naudsynt kartlegging og dokumentasjon ligg føre – og at saka ikkje kan realitetsbehandlast på dagens grunnlag.

Offentleg informasjon

Me registrerer at saka ikkje er sendt på offentlig høyring. Det vil vera naturleg at heradet gjer offentlig alle saksdokument og vurderingar som er gjort.

Med venleg helsing

Inge Draugsvoll
for styret i Voss Naturvernlag